



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Villreinnrådet i Norge

13.01.2021

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
5-20

## Høyringsuttale - restriksjonar på ferdsel i viltlova

Landbruks- og matdepartementet har nyleg nedsett ei arbeidsgruppe som skal lede arbeidet med å revidere viltlova. Villreinnrådet ynskjer innspel frå nemnder og utval på spørsmål om det bør vera heimel i viltlova til å regulere ferdsel. Rådet ynskjer konkret innspel på desse spørsmåla:

1. *Oppfattes menneskelig ferdsel å være en forstyrrende utfordring for villreinen og villreinforvaltning i deres villreinområde i dag? I så fall, hva slags type ferdsel er det, hvilket omfang og utvikling - og er det konkrete områder og sesonger?*
2. *Er det gjennomført tiltak for å dempe konflikt mellom menneskelig forstyrrende ferdsel og villrein og kan de i så fall beskrives kortfattet?*
3. *Er det tiltak for å begrense konflikt mellom menneskelig ferdsel og villrein dere gjerne skulle utprøvd eller iverksatt?*

Svar til Villreinnrådet:


1. Ja, menneskeleg ferdsel blir i fleire område oppfatta som forstyrrende. Særleg om det skjer ferdsel i spesielle funksjonsområde som vinterbeiteområde og kalvingsområde. I slike område burde det vera mogleg å innføre ferdselrestriksjonar i periodar. Når det er godt skiføre på vårparten kan ein nå langt på ein dag. Folk som ferdest på ski kan derfor vera eit problem. Tilsvarande kan det vera utfordringar med folk til fots, men det skjer gjerne i ein mindre sårbar periode for villrein. Mengda ferdsel er ofte større på sommaren, men folk har normalt mindre aksjonsradius til fots enn på ski. Utfordringa er ofte knytt opp mot hytteområde, spesielle utfartsområde eller merka stiger. Slik sett kan ein til ein viss grad regulere gjennom god arealplanlegging. Dessverre blir ofte planlegging og utbygging gjort bit for bit, og på eit tidspunkt får villrein problem med den menneskeleg aktiviteten.
2. I vårt område har mange kommunar gode stig- og løypeplanar som bidreg til å kanalisere ferdselen vekk frå sårbare villreinområde. Omlegging av einskilde turruter for å unngå å forstyrre villrein. Det har delvis vore ein restriktiv politikk når det gjeld hytteutbygging, noko som påverkar mengda ferdsel. Store delar av vårt villreinområde er verna gjennom nasjonalparker. Det gir restriksjonar på mange aktivitetar. Her har nemnda god dialog med nasjonalparkforvaltninga for å komme fram til gode tiltak for å ta omsyn til villrein. Tross restriksjonar er det likevel mogleg å gå til fots alle plassar i nasjonalparkane gjennom heile året.

3. I samband med store utfersdagar på våren ( gjerne knytt til påske) kan villrein bli jaga relativt mykje i nokre område. Eit døme her er sørveststamma i Breheimen som har vinterbeiteområde ikkje veldig langt unna hyttefeltet på Grotli. I slike periodar kunne det ha vore fint å innføre ferdselsforbod på delar av vinterbeitet slik at villrein kunne få fred nokre plassar. Det er normalt ein kort periode på våren at det er mykje folk og at det hadde vore fint med slik regulering.

Vi har også ei utfordring i høve til ei trekkroute mellom Reinheimen og Breheimen der villrein må krysse Rv 15 rett ved ein rasteplass. Menneskeleg aktivitet knytt til rasteplassen kan gjere at villrein vegrar seg for å krysse gjennom området. Det er bratte dalsider rundt og få alternative kryssningsområde. I dette tilfellet kan ein også oppnå ein del gjennom god arealplanlegging utan å regulere folk sin ferdsel. Men når rasteplassen fyrst er etablert hadde det vore ein fordel om folk ikkje hadde lov til å gå rundt i terrenget med utgangspunkt frå rasteplassen.

Helsing

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær